



Vik kommune
Postboks 134
6891 VIK I SOGN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Oddgeir Aardal, 5764 3077

**Trekking av klage på vedtak om dispensasjon frå arealdelen til
kommuneplanen for frådeling av tomt og oppføring av bustadhus, gnr.
159, bnr. 15, Feios i Vik kommune**

Vi viser til kommunen si oversending dagsett 18.05.2021 med formannskapet sitt vedtak i sak 051/21 om å ikkje ta klaga frå Statsforvaltaren til følgje. Kommunen held fast på vedtaket sitt om å gje løyve til frådeling av tomt og oppføring av bustadhus på gnr. 159, bnr. 15 i Feios.

Med bakgrunn i saksutgreiinga frå kommunen og opplysningar i telefonsamtalar med ordføraren, har vi på nytt sett på grunngjevinga vår for å klage.

**Statsforvaltaren vil med dette trekke klagen vår datert 25.03.21. Dette inneber at kommunen
sitt vedtak om frådeling blir endeleg. Saka blir såleis ikkje sendt vidare til departementet for
oppnemning av setjestatsforvaltar.**

Grunngjeving

Vilkåra for å gje dispensasjon går fram av plan- og bygningslova § 19-2. Dei omsyna som plan- og bygningslova og den aktuelle kommuneplanen byggjer på, vil vere sentrale i vurderinga av om det skal gjevast dispensasjon. Vi minner om at vurderinga av om vilkåra i lova for å kunne gje dispensasjon er oppfylte, er eit regelbunde skjøn og ikkje eit fritt skjøn. Regelen i forvaltningslova om å vektlegge det kommunale sjølvstyret kjem difor berre inn i det tredje trinnet i § 19-2, ved interesseavveginga om dispensasjon skal gjevast når dei to lovbundne vilkåra for å gje dispensasjon elles er oppfylte.

Plasseringa av ei frådelt bustadtomt og oppføring av bustadhus på dyrka mark og tett opp til gardsbusetnaden i eit viktig landbruksområde, vil etter Statsforvaltaren si vurdering setje omsyna til LNF-føremålet vesentleg til side. Vi meiner såleis at dei lovbestemte vilkåra for å gje dispensasjon i denne saka ikkje er oppfylte. Dersom desse vilkåra ikkje er oppfylte, har kommunen etter lova ikkje høve til å gje dispensasjon.



Når Statsforvaltaren no likevel trekkjer klagen har vi lagt vekt på busetnadsomsyn i eit utkantområde som Feios. Vi legg elles vekt på at tomta ligg inntil fylkesvegen og at det truleg kan etablerast tilkomst til tomta utan å gå gjennom tunet og driftssenteret på garden. Dette er moment som også kommunen sjølv har trekt fram. Vi har i tillegg på nytt vurdert terskelen for kva som skal til for at vi skal klage på eit dispensasjonsvedtak med denne type landbrukskonfliktar.

Sjølv om Statsforvaltaren vel å trekke klagen, vil vi understreke at det er Vik kommune som har ansvar for at vedtaket formelt er i tråd med dei rettslege krava som er sett i § 19-2 i plan- og bygningslova.

Vi vil også på generelt grunnlag understreke at det er viktig at kommunen i frådelingssaker er bevisste på å unngå driftsulemper for landbruket og at bustader vert plasserte med god avstand til verdifullt jord- og hagebruksareal.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fungerande statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent